

Mal for prosjektskisse – Nye innovasjonsprosjekt hausten 2022

Format:

- Sidetal: maks. 4 sider inkludert figurar/tabellar.
- Skrifttype: Tilsvarande Arial 11 pkt. eller Times New Roman 12 pkt., enkel linjeavstand, min. 2 cm margar. For ev. figurtekst og referanseliste kan skriftstørrelse 9 nyttast.

Alle punkt i prosjektskissa er obligatoriske.

Prosjekttittel

Kortfatta, treffande og populærvitskapleg med klar referanse til prosjektet sitt innhald.

1. Utfordringar, behov og mål

- Korleis skal innovasjonen bidra til å løyse ei utfordring/ kjent behov i helsetenesta/Helse Vest.
- Gjer greie for mål og delmål i prosjektet, som er gjort greie for i eSøknad.
- Spesifiser kva for tema i utlysinga søknaden i størst grad fell under (gjeld ikkje produktinnovasjon).

2. Innovasjon og kunnskapsbehov

2.1. Innovasjonsideen

- Skildre innovasjonshøgda i prosjektet (nytt lokalt, regionalt, nasjonalt eller internasjonalt).
- Gjer greie for ev. forstudiar/resultat som underbygg idéen, søk i vitskapleg litteratur/patentbasar.
- Vis eventuelt til likande prosjekt og gjer greie for og korleis dette prosjektet plasserer seg i høve til status (state of the art) på området.

2.2. Kunnskapsbehov

- Gjer greie for eventuelle FoU-utfordringar i prosjektet
- Gjer greie for kontakt med Sykehusinnkjøp for råd og rettleiing knytt til ev. marknads- og leverandørkontakt.
- Gjer greie for kontakt med HV IKT med tanke på integrasjon med eksisterande IKT-system.

3. Verknadar og effektar (Nytteverdi)

3.1. Potensial for verdiskaping

- Skildre potensialet for verdiskaping innovasjonsprosjektet har samanlikna med etablert praksis og kva for nytte og gevinstar løysninga vil kunne gi i form av betre kvalitet, reduserte kostandar og auka effektivitet for:
 - brukarane
 - tenesta og eventuelt samfunnet/ FN sine berekraftsmål.
- Korleis vil de måle/evaluere om prosjektet gjer dei forventa gevinstane?

3.2. Plan for å realisere gevinstar – deling og spreing

- Skildre ein plan for å realisere gevinstane i prosjektet og planar for korleis gevinstar skal tas ut etter at prosjektet er avslutta (lokalt, regionalt, nasjonalt). Til dømes;
 - modell for forvaltning og aktivitetar for å breidde løysinga i regionen (ev. nasjonalt/ internasjonalt)
 - ressursar de er avhengige av for å realisere innovasjonen
 - korleis helseføretaka i Helse Vest skal ta del i å spreie løysinga i regionen, forankring og roller i prosjektet (Ikkje relevant for kommersielle løysingar)
 - samarbeid med HV IKT dersom løysinga omhandlar IKT
 - plan for ei eventuell anskaffing av løysinga, og samarbeid med Sykehusinnkjøp HF
 - planar om å søkje midlar frå Forskningsrådet/Horisont Europa for å evaluere resultatata før ei eventuell spreing?

4. Gjennomføring

4.1. Hovudaktivitetar i innovasjonsprosjektet

- Skildre ei tidsplan og viktige milepålar for gjennomføring av prosjektet.
- Gjer greie for relevante prinsipp frå innovasjonsmetodikk som de vil nytte i prosjektet, og kva fasar i innovasjonsprosessen de vil gjennomføre i prosjektperioden (– jf. fasar idémottak i eige føretak)
- Gje ei skildring av samanhengen mellom budsjett og dei viktigaste aktivitetane/arbeidspakkane, og kva de treng finansiering til.

4.2. Organisering og samarbeid

- Skildre prosjektet si leiing, organisering og styringsstruktur (prosjektgruppe/styringsgruppe og ev. referansegruppe)
- Gjer greie for relevante samarbeidspartnarar og deira rolle og oppgåver i prosjektet¹(helseføretak/kommunar/brukarar/universitet/næringsliv/Sykehusinnkjøp HF og HV IKT AS).
- Gjer greie for om det er spørsmål knytt til rettigheit i innovasjonen som må avklarast. Er det tredjepartar som har rettigheit i innovasjonen?
- Er det etablert eit samarbeid/kontakt med ein TTO, dersom dette er relevant?

4.3. Brukarmedverknad

- Gjer greie for dei ulike brukarane (tilsette i helsetenesta, pasientar, pårørande) og korleis desse medverkar i:
 - planlegging,
 - gjennomføring,
 - formidling,
 - og evaluering av prosjektet.

¹ Alle aktive samarbeidspartnarar i prosjektet skal førast opp i søknadsskjemaet (eSøknad). Når det gjeld samarbeid på tvers av institusjonar, anbefaler me at de lager samarbeidsavtaler mellom institusjonane som konkretiserer samarbeid og gjensidige forplikingar og rettigheit i prosjektet.

Vurderingskriteria

1. Relevans for utlysinga/satsingsområda (10 %)

- I kva grad treff søknaden aktuelle tema, føringar og prioriteringar (for tenesteinnovasjon):
 - tema og pasientgrupper
 - samarbeid mellom fleire helseføretak i regionen/nasjonalt og samarbeid med kommunar (krav om samarbeid mellom minst to helseføretak i Helse Vest for å søke maks stønad frå Helse Vest)
 - prosjekt som legg vekt på gevinstar for helsetenesta i form av ei meir optimal organisering, ressursbruk og/eller reduserer behovet for vekst i helsepersonell, og gjerne med potensial for regional skalering
- I kva grad tilfredsstillar søknaden utlysinga sine krav og kjenneteikn

2. Kvalitet (innovasjonshøgde, metodikk og kunnskapsbehov (30 %)

- I kva grad vil innovasjonen bidra til å løyse ei kjent utfordring og/eller møte eit kjent behov?
- Er løysinga ny lokalt, regionalt, nasjonalt eller internasjonalt?
- I kva grad bygg prosjektet på relevant kunnskap, utprøving i forkant av prosjektet (state of the art)?
- I kva grad nyttar prosjektet relevant og kjend innovasjonsmetodikk?
- Dersom det er nødvendig med forskning for å underbygge innovasjonen/resultat, er dette gjort tilstrekkelig greie for?

3. Nytte for pasientane, tenesta og plan for å spreie/realisere løysinga (30 %)

Nytte/gevinstar

I kva grad er potensielle gevinstar, nytte og effektar tydeleg formulert og truverdige, for:

- pasientane og helsetenesta (kva for gevinstar gjer prosjektet for helsetenesta og kva er potensialet for overføring til andre helseføretak regionalt og nasjonalt)
- samfunns effektar (mellom anna FN sine bærekraftsmål eller andre viktige samfunnsutfordringar)?
- kommersielt potensial?

Plan for å realisere gevinstane – spreie løysinga

- Er planen for å realisere gevinstane truverdig – lokalt/regionalt? Deltek helseføretaka i Helse Vest med tanke på å spreie løysinga, og korleis er deira forankring og roller (gjeld ikkje kommersielle løysingar)?
- Har prosjektet ein plan for forvaltning av løysinga (samarbeid med Sykehusinnkjøp med tanke på ei eventuell anskaffing)?
- planar om å søkje midlar frå Innovasjon Norge, Forskningsrådet eller Horisont Europa, før ei eventuell spreieing?

4. Gjennomføring (30%)

- Gjer prosjektplanen eit godt grunnlag for å gjennomføre aktivitetane, nå måla/nyttiggjere resultat? Er budsjett og ressursar tilstrekkelig og i tråd med prosjektet sitt mål, tidsplan og leveransar?
- Er samarbeidspartnarane dei rette til å gjennomføre aktivitetane og med ei tydeleg og relevant fordeling av budsjett, roller og ansvar (samarbeid med til dømes HV IKT, Sykehusinnkjøp, kommunar, næringsliv, universitet etc)?
- Er relevante brukarar involvert i prosjektet når det gjeld planlegging, gjennomføring og evaluering og formidling av prosjektet?
- Er leiing, styring og forankring i prosjektet ivaretatt?
- Er eventuelle rettigheitar i innovasjonen gjort greie for?

Det vil bli nytta ein skala frå 1 – 6 for dei fem kriteria. Det blir satt ein samla karakter for søknaden.